

nr. 2 - 2014

# PiRiod

- kulturavis for barnehagar og skular



## Fortel levande historier

Marianne Stenerud vil gjerne skape ulike univers av forteljingar der borna kan delta aktivt.

TEKST: JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR FOTO: OLAV ASLAKSEN

# Ei reise med ord

- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Kulturformidling til barn er viktig på same måte som kulturformidling er viktig i samfunnet elles. Kulturopplevingar utfordrar fantasién og triggar sansane. Anten opplevinga blir god eller därleg, blir resultatet refleksjon og bevisstgjering kring smak og vanar.

**Eg er overtydd om at slik stimulering til bevisstgjering tidleg i livet gjev fleire og betre kulturopplevingar for den einskilde, og på det viset også eit rikare liv.**

Dei siste åtte åra har Marianne livnært seg av å fortelje, aller mest til born i barnehagar, skular og på familieframsyningar. Ho er oppteken av at ein må brenne for forteljinga før ein kan formidle ho. Marianne har bakgrunn frå studium i praktiske lærarfag, dramaturgi og forteljar-kunst.

- Eg må like historia veldig godt, då engasjerer eg meg og får eit hjarte for kva som skjer. Det smittar over på lyttarane, seier ho.

## Gode bilete

Noko av det viktigaste er kanskje å spe forteljinga med dei gode og levande biletta. Dei skildringane som lyttarane sit att med når forteljinga er over.

- Eg likar å fortelje både kjende og ukjende historier. På ein måte er det kjekt når barna kjenner seg att i det



som skjer, men på ein annan måte er det kjekt å kome med noko nytt, noko dei ikkje kjenner så godt.

Marianne brukar mykje folkeeventyr og mytar når ho fortel. Medan eventyra ofte har ein tydeleg moral, kan mytane vere vanskelegare å tolke, noko Marianne likar.

- Eg likar det at mytane er så tvitydige. Det er ikkje alltid eg heller klarer å finne ut heilt kva forteljinga ynskjer å seie; då kan me undre oss saman, både eg som fortel, og dei som lyttar.

Ho er oppteken av responsen frå dei små som lyttar. Er det ei morosam forteljing, kan responsen fort bli latter, andre gonger sit dei der og berre lyttar.

- Eg fortalte skrekkhistorier til elevar i 6. og 7. klasse. Det var kjekt å sjå korleis dei vrei seg på stolane i spenning for

kva som kom til å skje. Dei ulike aldersgruppene reagerer litt ulikt, dei minste er meir spontane i reaksjonane og fortel akkurat kva dei meiner. Men dei kan la seg rive med dei som er eldre, òg.

## Inviterer lyttaren inn

For å fange merksemda til dei minste tek ho gjerne i bruk fantasifulle element som skaper ei leikeramme rundt forteljinga, som fungerer godt.

- Det er viktig å invitere dei med inn i handlinga, det kan vere rørsler me gjer saman, rim og rytmiske brukar, eller fysiske ting me legg fram som viser til handlinga.

*- Har du nokre tips til tilsette i barnehagar som har lyst til å bruke meir forteljing?*

- Prøv å fortel mykje, men begynn med dei superkorte forteljingane. Og ta ikkje inn det største publikummet til å byrje med, det held med nokre få som kan lytte. Det er viktig å hugse forteljinga godt, samstundes som du klarer å fortelje ho med eigne ord. Då er det greitt at historia verken er lang eller komplisert.

Sjølv byrja ho også med å teste små



Heidi Bøhagen, programansvarleg  
Litteraturhuset i Bergen



historier då ho arbeidde i barnehagen. Til og med i dag hender det ho tek kontakt med ein barnehage for å høre om ho kan få lov til å teste ei ny historie på barna der.

## Filosofisk reise

I haust inviterte ho og filosof Ingunn Sira Myhre førskulebarn og barnefamiliar med på ei filosofisk og eventyrlig reise på jakt etter visdom. På ferda fekk borna høre mytar og eventyr, dei fekk undre seg, tenkje høgt og snakke om både store og små tema med utgangspunkt i historiene. I 2010 sette dei opp prosjektet for førskulebarn på Tou Scene i Stavanger med støtte frå Kulturfondet i Stavanger og Tou Scene. Etter den tid har prosjektet blitt sett opp fleire stader i Stavanger, og no i haust var det Sandnes og Randaberg sin tur. Prosjektet i haust var støttet av Norsk kulturråd, Sandnes kulturhus og Randaberg kommune. Gjennom ei reise til Edderkoppskogen, via Solslottet og til Hulen under havet, skal borna bli flinkare til å reflektere og uttrykke seg kreativt i

samspel med vaksne og andre barn. I prosjektet er ein innom tema som kjærleik, sanning og løgn, forandring og forvandling.

- *Er forteljarkunsten på veg bort?*

- Mykje av den naturlege biten av det er langt på veg det. Når me var på ferie før, hadde me ei forteljing å vise fram då me kom heim, no har me allereie fortalt ho digitalt med bilet og litt tekst. Det er blitt den nye forteljinga. Det som ein derimot ser ein vekst i, er at ein får fleire profesjonelle forteljarar som driv med dette som fag.

- Me i Austrått barnehage opplevde filosofi og forteljing- opplegget som ei flott og minnerik oppleveling for barn og vaksne. Barna blei møtt med undring og fekk vere med å undre seg sjølv. Vaksne blei i forkant informert om kva filosofi for barn var og korleis me kunne vere delaktige. Omskapininga av romma, stemningen, fargane og effektane gjorde dette til ei heilt magisk stund, fortel pedagogisk leiar Elisabeth Selvig.

## EG OG PONTUS GÅR FOR GULL

*Au Odd Nordstoga  
Illustrert av Rune Markus  
Gyldendal 2013*



Det er store forventningar når vise-songar Odd Nordstoga kjem med si første barnebok. Ikkje overraskande er heile handlinga lagt

opp som eit dikt med både rim og rytme. Tanken om at ein skal kunne synges seg gjennom den rike historia, er god, men likevel vil lesaren kome over fleire stadar der teksten haltar litt og trøngen til å finne naudrim blir litt for stor.

Boka har eit godt særpreg, ho er solid i forma og god å bla i. Framsida kan nesten gje oss eit retro-preg, der mannen og katten spring ned ei veldig lang og bratt trapp. Kva har skjedd, tru?

Mannen og katten Pondus kjem til kongens by. Her vil dei gjerne spele opp til dans,

men det blir det ingenting av. Kongen har bestemt at det ikkje er lov med musikk og song, difor hamnar Pontus og eigaren rett ut porten. Sjølv om teksten somme stadar har eit språk og ein bilet bruk som er vel vaksen for dei minste lesarane, vil nok også dei fylge spent med i handlinga. Dramatikken tek seg opp då Pontus og mannen bryt seg inn hjå kongen for å stele. Det resulterer i ei ekte tjuvjakt, og etter kvart byggjer det seg opp eit aldri så lite folkeopprør i byen; det er nemleg fleire som ynskjer seg musikk på torget.

Nordstoga skriv om både ytringsfridom og kunstnarleg fridom, og han har laga ei god og engasjerande forteljing. Teikningane til Rune Markus er gode til å gå i dialog med handlinga. Dei yngste lesarane vil nok kose seg med katten, som heilt klart er han som styrer utviklinga i handlinga, og som kjem med dei gode ideane.

Judith Sørhus Littlehamar

## TIPS TIL BARNEHAGAR:

- Skap ei munnleg forteljing med utgangspunkt i ei skriven historie.
- Vel ei kort historie du likar
- Les ho eit par-tre gonger
- Legg vekk teksten og gjenfortel historia høgt for deg sjølv med dine eigne ord. Fortel ho høgt fleire gonger, heilt til du kan ho godt.
- Sjå i historia om du får idear til korleis barna kan vere med på å gjøre til dømes rørsler og lydar. At barna får delta på denne konkrete måten, inkluderer dei på ein god måte, meiner eg.
- Fortel historia for nokre få barn i ei spontan forteljarstund. Borna sine reaksjonar på historia kan gje gode idear du kan bruke når du skal jobbe vidare med ho.
- Når du har øvd deg og testa ut historia, er ho klar for storsamlinga. Her er nokre forslag til korleis du kan skape ro før forteljinga startar: tenn stearinlys, bruk ei meditasjonsklokke som start og slutt for forteljinga, eventyrregle som start og slutt på forteljinga, trekk ein eventyrskatt frå forteljinga opp av ei kiste, ein hatt eller koffert.





# Minst 15 bøker!

Som far har eg ein regel for bibliotekbesøk: Vi må låne minst 15 bøker. Aller helst 20. Viss vi skal finne biblioteket sine skjulte skattar, ser eg ingen annan utveg enn å fylle sekken før vi dreg heim.

Eg har to guitar, ein på eitt år og ein på tre år. Når dei skal velje bøker på biblioteket, brukar dei nokre underlege metodar. Ofte vel dei bøker som vi allereie har heime. Eller dei vel berre bøker med forfattarar som begynner på same bokstav. Seriar dei kjenner frå før, som Karsten og Petra eller Albert Åberg, plukkar dei også med seg. Av og til tek dei med seg noko eg aldri har høyrt om eller ville tenkt på å ta med. Det er det beste. Som far (les: litteraturformidlar) fyller eg alltid på med bøker eg trur vil fungere, eller som ser fine ut. Viss vi kjem heim med 20 bøker og ei av dei blir lest i filler, kallar eg det ein suksess. Så får eg heller bære litt ekstra.

Ikkje eit vondt ord om Karsten og Petra, Albert Åberg og Ludde. Men det finst mange skjulte skattar på biblioteka som vil bli elska av barn om dei blir funne. Det er det same med vaksenbøkene. Altfor mange les Jo Nesbø. Ikkje at Nesbø er dårlig, men vi menneske



BJARTE BAKKEN,  
PROSJEKTELEIAR I  
FORENINGEN  
!LES

er ulike som lesarar. Vi blir treffte av ulike bøker. Så mange menneske som finst, og så mange bøker. Kvifor skal alle born lese det same?

Høyrt om Himmelfrokost? Eller Ballongmamma? Dette er bøker som tilfeldigvis hamna i biblioteksekken. Det er rare, underlege bøker som vi har lese i filler. Ikkje visste eg at nett desse ville slå an. På biblioteket er tendensen klar.

Barnehagane låner færre bøker, og mange låner dei same bøkene år etter år. Gode bøker, men lite nytt å oppdage. Skrekken for å miste ei bok er kanskje større og meir stressande enn gleda over å tømme sekken med nye bøker ut i lesekroken.

Vi er redde for at barna våre skal miste leselysta. Men først må dei få ho. Det er lett å presentere bøker for barn. Dei er opne og nysgjerrige, men også kritiske. Dei legg vekk boka om dei ikkje likar ho, og plukkar opp ei ny. Somme oppdagar aldri lesegleda fordi dei ikkje får tilgang til bøker. Men ingen mister leselysta av å ha masse bøker tilgjengelege. Og det er faktisk mogleg; vi har bibliotek! Metoden min er enkel: Lån minst 15 bøker kvar gong du er på biblioteket. Aller helst 20.

[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

for deg som jobbar med barn

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

[Facebook/pirion](https://facebook.com/pirion) [@avasapirion](https://twitter.com/avasapirion)

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvittne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

# Pirion

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)